

Under kristendomen:

Tone: Slons vektor hever rösten.

Kristi vitner vart ei trøytt --  
Frå land til land dei fram seg brøytt  
med blod om Jesu soningsblod.  
Frå Jerusalem dei stemnde.  
Til sist dei og Europa femnde  
med kjærleiks makt og truesmod.  
Dei møtte bål og brann.  
Og hjarteblood der rann under ferdi.  
Me veit forvisst dei vann til sist,  
og opna veg for Kvite-Krist.

Dei fekk möta våre feder,  
med ville liv og heidne seder,  
på grufull ræe vikingferd.  
Trugne dei om Kristus vitna.  
Og mang ein mann kring hausen kvitna  
ved domen over liv og gjerd.  
Eit ljós frå Gud vart kveikt  
som - om enn smått og veikt - myrkret spreidde.  
Der fannst vel deim som vende heim  
som kristne menn til gamle Seim.

3.

Håkon vilde kyrkja byggja.  
Med krist vårt folkesamfunn tryggja,  
men heidenmakti var for stor.  
Kristi såd so mildt han ströydde,  
men sorgtung han som heidning döydde  
og fekk si grav i Seim si jord.  
Men Gud i Himmelborg  
Han såg kong Håkons sorg. Tåresædet  
Han vokster gav, om sumt skein av :  
Ei kyrkja stend ved kongens grav.

4.

Her ho mötte trengsletider  
med hat og hogg og ville strider.  
Med store tap og mannefall.  
Stundom slövt i ro ho dormar.  
So kom der atter svære stormar  
og spådde, hennar tid var all.  
Men gjennom storm og strid,  
ho stend til denne tid. Lova Herren !  
Hans nådepakt og kyrkjevakt  
er sterkare enn Helheims makt !

5.

Odins velde kvarv omsider --  
Men kyrkja streid med tunge tider  
ifrå hans heidne, myrke verd.  
No er han ein skugge, berre.  
No Kristus er vår rette Herre,  
som ber oss på si sterke herd.  
Det gamle våpenhus  
me no hev lagt i grus. Öksi, sverde  
ei nokon dreg ikring med seg.  
Der fredlyst er på kyrkjeveg.